

Vedtekter for Glomsdalen beitelag BA

§ 1 Laget

Glomsdalen beitelag BA er eit samvirkelag med avgrensa økonomisk ansvar, vekslande medlemstal og kapital. Laget har si adresse i Stryn kommune.

Beitelaget vart skipa i 2005

§ 2 Formål

Glomsdalen beitelag skal samla beitebrukarar i området for i fellesskap å leggja tilhøva til rette for best mogeleg utnytting av utmarksbeite og/eller innmarksbeite, minske tap av dyr og sikra at dyra har det bra gjennom organisert tilsyn, organisert sanking og andre målretta fellestiltak.

§ 3 Medlemskap

Alle som har beiterett eller leiger beiterett og som slepp dyr på beite, kan bli medlem av laget. Medlemskapet følgjer eigedomen. Det kostar ikkje noko å bli medlem i laget, og det skal heller ikkje betalast medlemskontingent. Dei årlege utgiftene utover tilskot skal fordelast etter kor mange dyr den einskilde medlem har i beitet. Ei mogeleg avgift skal fastsetjast av medlemsmøtet. Medlemene har ikkje krav på noko form for økonomisk vederlag når dei går ut av laget.

§ 4 Plikter

Medlemene har plikt til å delta i arbeidet med tilsyn, sanking og andre fellestiltak som medlemsmøtet eller styret har vedteke. Arbeidsinnsatsen blir fordelt etter kor mange dyr den einskilde har på beitet. Arbeid utover dette kan lønast. Oppgåver og vederlag blir utarbeidd og fastsett av styret.

§ 5 Rekneskapsår og underskriftsreglar

Rekneskaps- og arbeidsåret skal følgje kalenderåret. Leiaren og eit styremedlem bind laget med sine underskrifter.

§ 6 Medlemsmøte

Det avgjerande ordet i lagssaker ligg hos medlemsmøtet. Medlemsmøtet skal kunngjerast med minst 14 dagars varsel. Sakliste for møtet skal leggjast ved innkallinga. Det er berre dei sakene som står på saklista som kan takast opp. Det er inga grense for kor mange medlemmer som må møta for at møtet skal vera

vedtaksført. Kvar medlem har ei stemme. Medlemer kan møte ved å gje andre fullmakt. Ingen kan møte med meir enn ei fullmakt.

Vanlege saker blir avgjorde med vanleg fleirtal. Blanke stemmer tel ikkje. Vedtaksendingar krev 2/3 fleirtal av dei møtte, og minst halvparten av medlemene må vera til stades på møtet. Ved likt stemmetal har møteleiaren dobbeltstemme. Det gjeld ikkje ved val.

Medlemsmøte skal haldast når styret eller minst 1/4 av medlemene krev det. Årsmøte skal haldast innan utgangen av februar. Saker som skal behandlast på årsmøtet må vera innkomne seinast 1. februar.

Årsmøtet skal:

- a) Godkjenna innkalling, sakliste og fullmakter.
- b) Velja møteleiar, skrivar og to medlemer til å skriva under møteboka.
- c) Behandla styret si melding.
- d) Behandla revidert rekneskap. Styret har ikkje stemmerett i sak c og d.
- e) Behandla plan for arbeid inneverande år.
- f) Fastsetja godtgjersle til styret.
- g) Stå for val av:
 - leiar
 - styremedlemer
 - varamedlemer
 - revisor
 - valnemnd
- h) Behandla andre innkomne saker.

§ 7 Tillitsvalde

Styret skal bestå av (minst) 3 medlemer. Leiar blir vald for eit år og styremedlemer for to år. Det fyrste året blir eit styremedlem vald for eit år. Såleis er leiar og eit styremedlem på val kvart år. Det skal veljast to varamedlemer til styret i nummerrekkefølge for eit år om gongen. Valnemnda skal bestå av 2 medlemer som blir valde for to år. Det fyrste året blir eit medlem vald for eit år. Såleis er eit medlem av valnemnda på val kvart år. Revisor held fram til ny blir vald.

§ 8 Styret

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades. Ved likt stemmetal har leiaren dobbeltstemme. Styret vel sjølv nestleiar og kasserar/skrivar. Styreleiar kallar inn til styremøte når han finn det naudsynt, eller når to av styremedlemene krev det.

Styret skal:

- kalla inn til årsmøte og medlemsmøte om naudsynt
- leggja fram årsmelding og revidert rekneskap
- greia ut og leggja fram arbeidsplan og budsjett for komande beitesesong. Den skal omhandla opplegg for tilsyn, hovudsanking, ettersanking, nyanlegg og vedlikehald av laget sine eignedelar m.m.
- greia ut og senda søknad om tilskot som er til rådvælde

- sjå til at naudsynte avtalar og løyve er til stades
- setja i verk oppgåver som er vedteke av årsmøtet eller medlemsmøte

§ 9 Misleghald og påtale

Dersom ein medlem handlar i strid med vedtektene til laget eller lover som gjeld i laget sit område, kan styret gjera vedtak om påtale. Ved alvorleg eller gjenteke misleghald kan styret vedta å ileggja mulkt eller melda medlemmen ut av laget. Medlemmen har høve til å anka slike vedtak inn for medlemsmøtet innan to veker etter at vedkomande har fått tilsendt vedtaket. Vedtak i slike saker krev vanleg fleirtal blant medlemene.

§ 10 Tvistemål

Alternativ 1:

Skulle det oppstå strid mellom laget og medlemene, skal denne avgjerast med bindende verknad av ein voldgiftsrett som følger reglane i tvistemålsloven kap. 32.

Alternativ 2:

Skulle det oppstå strid mellom laget og medlemene, skal denne søkjast løyst ved tingingar. Dersom partane likevel ikkje kjem til semje, kan saka førast fram for domstolane.

§ 11 Oppløysing av laget

Skal laget løysast opp, må dette behandlast på årsmøtet. Vedtaket må ha 2/3 fleirtal. Er det att midlar i laget, skal desse overførast til andre som vil drive med organisert beiting i dette området eller til landbruksstyresmaktene i fylket der laget har dyra på beite.

§ 12 Gjera gjeldande

Vedtektene og seinare endringar gjeld straks dei er vedtekne.